



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Møterom Kultur i Sentrumsbygget,
Dato:	05.05.2023
Tid:	10:00 - 12:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solveig Hellesnes Uppheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Gunnbjørg Øyre	Medlem	SV
Håkon Gjerde	Medlem	V

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Strømmen	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Lars Helge Ljone	Terje Strømmen	SV

Andre som møtte:

Thore Hopperstad	Kommunedirektør (på Teams)
Trygve Solberg	Økonomisjef
Janne Eraker	Revisjonssjef/dagleg leiar, Vestlandsrevisjon IKS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Solveig Hellesnes Uppheim
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.03.2023	2022/223	
	Politiske saker		
PS 8/23	Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ulvik herad - uttale frå kontrollutvalet	2022/218	
PS 9/23	Henvending frå Frode Skjerven gjeldande manglande oppfyljing av avtale - orientering frå kommunedirektør	2022/272	
PS 10/23	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	2022/226	
PS 11/23	Eventuelt	2022/227	

Godkjenningssaker

GK 3/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 05.05.2023 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.03.2023

Møteprotokoll frå møte 02.03.2023 er vedlagt saka.

Saksprotokoll 05.05.2023 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til møteprotokoll frå møte 02.03.2023.

Vedtak var samrøystes.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.03.2023 vart godkjent

Politiske saker

PS 8/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ulvik herad - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale til Ulvik herad sin årsrekneskap for 2022
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 3 for 2023 frå Vestlandsrevisjon IKS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 12.10.2023 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Saksprotokoll 05.05.2023 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør og økonomisjef orienterte om årsrekneskapen 2022 for kontrollutvalet.

Revisjonen orienterte om revisjonsrapport nr. 3, revisjonsberetning og resultat etter etterlevingskontrollen.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale til Ulvik herad sin årsrekneskap for 2022
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 3 for 2023 frå Vestlandsrevisjon IKS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 12.10.2023 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

PS 9/23 Henvending frå Frode Skjerven gjeldande manglande oppfylling av avtale - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 05.05.2023 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Solveig H. Uppheim sende e-post 16.03.2023, med moment om at utvalet burde drøfta hennar habilitet. Utvalet vurdere habiliteten etter forvaltningslova § 6, 2.ledd. Ho deltok ikkje ved handsaming av denne saka. Solveig vart samrøystes funnen ugild.

Kontrollutvalet diskuterte saka etter at ein hadde handsama habiliteten til Solveig H. Uppheim og at ho var innhabil i saka. Ho var ikkje med under handsaminga av denne saka.

Kontrollutvalet diskuterte så saka ut i frå saksframlegget og e-postar sendt ut til medlemmane etter at innkallinga vart sendt ut.

Kommunedirektør og administrasjonen har fylgjande plan for vidare handtering:

- Heradet godtek Skjerven sitt krav om at me avviklar kommunalt vedlikehald og brøyting
- Vilkår: Heradet skriv avtale med Skjerven om at vegen kan nyttast av ålmenta som gangveg, jf. tidlegare avtale frå 1988
- Gangvegen vert ikkje brøyta på vinteren
- Køyreveg til eigedomar vert ei privatsak mellom grunneigar/naboar, slik heradet har hevda heile tida. Det vedkjem ikkje heradet. Det finst alternativ køyreveg for nabobruka.

Kontrollutvalet diskuterte forslag til løysing frå administrasjonen, og vart einig om at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet henstiller administrasjonen om å finne ei løysing på saka. Kontrollutvalet ber om å bli orientert om utfallet av forhandlingane med Skjerven.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet avviser saka, grunna mellom anna at administrasjonen har lagt fram eit nytt tilbod til Skjerven
2. Kontrollutvalet ber om å bli orientert om utfallet av forhandlingane med Skjerven

PS 10/23 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 05.05.2023 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

- Sjuk ordførar framleis sjukemeldt
- Bergavegen
- Stillingar i helse og omsorg
- Utlyst stilling Kommunalsjef oppvekst
- Andre stillingar
- Nytt innkjøpssamarbeid
- Ny "Dytt"-kampanje
- Medarbeidarundersøking
- Barnehagelærerutdanning på deltid

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 11/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 05.05.2023 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommunar.

Prosjektet er forseinka grunna at revisjonen framleis manglar ein del dokumentasjon i saka.

Revisjonen har etterlyst dokumentasjon i fleire epostar.

Møte i kontrollutvalet 31.08.2023 vert avlyst.

Etter møteplanen var det planlagt at kontrollutvalet skulle handsame forvaltningsrevisjonsrapport - kjøp av tenester frå andre kommunar i møte 31.08.2023. Men grunna at prosjektet er forseinka tek ein sikte på at forvaltningsrevisjonsrapporten vert klar til møte 12.10.2023.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen gjeldande status forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommuner til orientering.
2. Møte i kontrollutvalet 31.08.2023 er avlyst